## Treng meir hjelp med slektsboka

01.03.2014

**Bjarne Hauge i Samnanger arbeider med band nummer 2 av slektsboka for kommunen, som skal omfatta gardar og bruk frå Svoldal til Steinsletten. Men han treng meir hjelp og oppmodar oppsittarane om å melda inn opplysningar, Spørsmålet han vil ha svar på er dette: Kva har skjedd med familien etter 1965, då Gards- og ætteboka vart avslutta? Alle innbyggjarar skal bli med,uansett om dei er nye eller gamle i kommunen og boka skal vera så aktuell som mogeleg.**

Det er fleire måtar å fomidla oppplysningane på til Hauge:
Adressa er Vågabygda 7, 5653 Årland og telefonane 56 58  66 35 og 95 99 14 63 medan mailadressa er bjarne.hauge@gmail.com

Du må oppgje bustad, gards og bruksnummer, alle årstal for fødd, gift og død, eigar/leigebuar, kven foreldra er, kvar dei kjem ifrå, yrke og arbeidsstad og sjølvsagt ektefelle/sambuar/born.

Det fyrste bandet, som omhandla Ølve, Hatlestrand og Mauranger kom opp i 528 sider og dette bandet vert ikkje mindre!

Tekst og NETT; Ola Matti Mathisen